



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato
09.05.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/1383 451.0
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Utsett frist for forslag til Kulturlandskapsprisen 2017- «Vatn i jordbrukets kulturlandskap».

Grunna svært få forslag til årets kulturlandskapspris vert **fristen for å komme med forslag forlenga til 30.juni 2017.**

Årets tema for kulturlandskapsprisen er kopla til det pågåande arbeidet med vassdirektivet. For å skape merksemd om dette arbeidet er temaet i år vatn i jordbrukets kulturlandskap.

Med dette temaet ynskjer vi å synleggjere særleg godt arbeid og gode tiltak som er gjort i samband med å få fram kvalitetar knytt til vatn i landskapet. Forslaga kan vere både tekniske tiltak, biologiske, kulturhistoriske eller formidling/tilrettelegging og bruk av vatn og vassdrag.

Det er tilstrekkeleg å vise til arbeid innfor eit av områda for å kunne verte nominert til prisen. Det er avgjerande at tiltaka går godt inn i landskapet og står i ein samanheng knytt til landbruket.

Vedlagt utlysingsteksten.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kari Beate Mostad
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Invitasjon til å sende inn forslag til kandidatar for Kulturlandskapsprisen 2017

Målsetting

Kulturlandskapsprisen skal vera ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Prisen kan delast ut kvart år og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommunen.

Tema 2017: Vatn i jordbrukets kulturlandskap

Tema for prisen i år er tar utgangspunkt i vassforskrifta og målsetnaden om å sikre tilfredsstillande miljøtilstand i vatn og vassdrag innan 2020. Det kan vere eit mangfald av tiltak i samband med vatn i kulturlandskapet; både tekniske tiltak for å hindre ureining, tiltak for tilrettelegging for biologisk mangfald i vassdraget, tiltak for å ivareta kulturminne og tilrettelegging for tilgjenge og bruk av område knytt til vatn. Det er ein føresetnad at tiltaka inngår i ein heilskap og ein samanheng med eit bruk i god drift.

Forslag til aktuelle tiltak som kan nominerast:

Tekniske tiltak: t.d. tiltak mot erosjon, «fangdam / rensepark» for samling av partikler og næring i avløp/overflatevatn, sikringstiltak for kontroll av gjødsellager og førebyggjande tiltak ved potensielle uhell.

Biologisk: døme på god skjøtsel av bekkeløp og kantvegetasjon, fjerning av vandringshinder for aure og tilrettelegging for andre organismar som lever i vatn t.d. elvemusling,

Kulturhistorisk: ivaretaking av kulturminner knytt til vatn i jordbrukslandskapet t.d. kverner og elvemurer mm.

Formidling og bruk: formidling av vassdragskvalitetar, tilrettelegging for ferdsel langs vassdrag, bruk av vatn og innsjøar

Ny frist for innsending av forslag er 30. juni 2017.

Prisen er på kr 50 000,- samt eit diplom.

Kven kan nominerast

Prismottakar kan vere enkeltpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

Forslag til kandidatar

Kvar kommune vert invitert til å koordinere og koma med forslag v/faginstansar innan landbruk, miljø og kultur saman med dei lokale faglaga. Kvar kommune kan fremja eitt eller fleire forslag til kandidatar.

Forslaget skal vera i form av skrifteleg omtale, og i tillegg foto eller annan dokumentasjon. Dersom det ikkje kjem inn kvalifiserte forslag kan Kulturlandskapsgruppa sjølv foreslå ein prisvinnar eller la vere å dele ut prisen.

Jury

Juryen for prisen er Kulturlandskapsgruppa i Hordaland som er satt saman av representantar frå Fylkesmannen sine landbruks- og miljøvernavingar, Hordaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, kommunane i Hordaland ved Fitjar kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Universitetet i Bergen og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

Prisvinnaren

Det vert kåra ein prisvinnar kvart år. Prisvinnaren kan vera einskildpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

Invitasjon og markering

Kåring vert gjort i innan utgangen av september. Markeringa skal haldast lokalt hjå prisvinnaren. Det vert lagt opp til eit enkelt arrangement i samarbeid med vinnarkommunen.

Vi ber om at forslaga vert sendt elektronisk til fmhokmo@fylkesmannen.no